


Osterøy kommune



Årsplan for barnehagar i Osterøy kommune

*«Saman får me verdas
viktigaste verdiar til å veksa»*

INNHALD

FORORD	3
INNLEIING	4
KAP. 1.0 – BARNEHAGENS SAMFUNNSMANDAT	5
KAP. 2.0 – VISJON OG VERDIAR	6
KAP. 3.0 – KOMMUNEN SINE SATSINGSOMRÅDER	7
KAP. 4.0 –DANNING GJENNOM OMSORG, LEIK OG LÆRING	9
4.1 – DANNING	9
4.2 – OMSORG	9
4.3 – LEIK.....	10
4.4 – LÆRING	10
KAP. 5.0 – BARN SIN MEDVERKNAD	11
KAP. 6.0 – FAGOMRÅDA	12
6.1 – KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST	12
6.2 – KROPP, RØRSLE OG HELSE.....	12
6.3 – KUNST, KULTUR OG KREATIVITET	13
6.4 – NATUR, MILJØ OG TEKNIKK	13
6.5 – ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI	14
6.6 – NÆRMILJØ OG SAMFUNN.....	14
6.7 – TAL, ROM OG FORM	14
KAP. 7.0 – BARNEHAGEN SOM LÆRANDE ORGANISASJON	15
KAP. 8.0 – SAMARBEID	16
8.1 – BARNEHAGE – HEIM	16
8.2 – FORELDRE RÅD OG SAMARBEIDSUTVAL	16
8.3 – BARNEHAGETENESTA I OSTERØY KOMMUNE	16
8.4 – FAMILIENS HUS OG HELSESTASJONEN.....	17
8.5 – ANDRE SAMARBEIDSPARTAR	17

FORORD

Barnehageverksemda i Osterøy kommune omfattar 6 kommunale barnehagar og 2 privateigde barnehagar. Barnehagane er ulike i storleik og gjev ulike og varierte tilbod.

Barnehagane har kvar sin presentasjon på kommunen si heimeside www.osteroy.kommune.no.

Alle barn fortener eit godt barnehagetilbod. Me arbeider for å ta vare på det beste i barnehagetradisjonen og samstundes vidareutvikla oss for å gjere barnehagane enno betre.

I samsvar med sentrale føringar ønskjer Osterøy kommune

- å sikra likeverdig og høg kvalitet i alle barnehagane
- å styrkja barnehagen som læringsarena
- at alle barn skal få delta aktivt i eit inkluderande fellesskap.

Barnehagen sitt personale og deira kompetanse er den viktigaste ressursen og ein føresetnad for at barnehagen skal vera ein god arena for omsorg, danning, leik og læring.

Ein felles årsplan for alle barnehagane i Osterøy er med å sikra ei lokal forankring av Lov om barnehagar og Rammeplan. Den kommunale årsplanen er forpliktande for kommunale barnehagar, og skal danna ein felles ståstad for å sikra god kvalitet og vidare utvikling for barnehageverksemda. Dei private barnehagane har vorte inkludert i planarbeidet i slutfasen. Planen vert lagt fram for Komité for oppvekst, undervisning og kultur.

Den kommunale årsplanen er eit viktig dokument når kvar barnehage skal utarbeida sin årsplan, og dokumentera og vurdera arbeidet sitt.

Den kommunale årsplanen er utarbeida av ei arbeidsgruppe med styrarar, pedagogiske leiarar og sektorleiinga i kommunen.

Osterøy kommune

Oppvekst, undervisning og kultur

INNLEIING

I følgje Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagar, skal alle barnehagar utarbeida ein årsplan.

Årsplanen har fleire funksjonar

- arbeidsreiskap for personalet i barnehagen for å styra verksemda i ei bevisst og uttala retning
- utgangspunkt for foreldra til å kunne påverka innhaldet i barnehagen
- grunnlag for kommunen sitt tilsyn med barnehagen
- informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til eigar, politikarar, kommune, samarbeidspartar og andre interesserte.

Årsplanen skal fastsetjast av barnehagen sitt samarbeidsutval. Spørsmål om innhald og prioriteringar må drøftast i foreldrerådet og i samarbeidsutvalet. Styrar har det faglege ansvaret for innhaldet i årsplanen.

Me har valt å dele årsplanen i to delar

- ein kommunal årsplan som gjev overordna og felles føringar for alle barnehagane i Osterøy kommune
- barnehagen sin årsplan som gjeld den enkelte barnehage.

Årsplan for den enkelt barnehage skal syna korleis det vert arbeida med dei kommunale satsingsområda. Og samstundes gje informasjon om korleis barnehagen arbeider med det pedagogiske innhaldet i barnehagen. Planen skal redigerast kvart år.

KAP. 1 – BARNEHAGENS SAMFUNNSMANDAT

Alle barnehagar skal ha ei drift i samsvar med Lov om barnehagar med forskrift, samt lokale vedtak.

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet, verdier som kommer til uttrykk i ulike religioner og livssyn og som er forankret i menneskerettighetene.

Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. De skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter. De skal ha rett til medvirkning tilpasset alder og forutsetninger.

Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til trivsel og glede i lek og læring, og være et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering».

(Barnehageloven § 1 Formål)

«Barnehagen skal være en pedagogisk virksomhet.

Barnehagen skal gi barn muligheter for lek, livsutfoldelse og meningsfylte opplevelser og aktiviteter. Barnehagen skal ta hensyn til barnas alder, funksjonsnivå, kjønn, sosiale, etniske og kulturelle bakgrunn, herunder samiske barns språk og kultur.

Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap.

Barnehagen skal støtte barns nysgjerrighet, kreativitet og vitebegjær og gi utfordringer med utgangspunkt i barnets interesser, kunnskaper og ferdigheter. Barnehagen skal ha en helsefremmende og en forebyggende funksjon og bidra til å utjevne sosiale forskjeller».

(Barnehageloven § 2 Barnehagens innhald)

Barnehagen skal

- ha ei pedagogisk leiing med ansvar for planlegging, gjennomføring og dokumentasjon av verksemda. Styrar/dagleg leiar/pedagogiske leiarar har ansvar for dette
- byggja på eit læringssyn der omsorg, lek, læring og danning er sentralt
- vera ein lærande barnehage – vera i endring og utvikling
- vera kulturskapar og kulturformidlar.

KAP. 2 – VISJON OG VERDIAR

Visjon for barnehagane i Osterøy:

SAMAN FÅR ME VERDAS VIKTIGASTE VERDIAR TIL Å VEKSA.



Me forstår visjonen slik

- personalet skal saman med foreldra, og i samspel med kommunen elles, leggja til rette for lek og læring
- verdas viktigaste verdiar er barna våre, som skal forma framtida. Me vil at barna opplever meistring og glede
- barnehagane våre skal vera prega av trygge barn som viser kvarande respekt og omsorg - og vennskap som gir rom for utvikling og gode opplevingar.

Osterøy kommune har i sin profilering valt 4 verdiar som skal vera gjeldande for alle tenestene i kommunen. Dette verdigrunnlaget skal prega vår daglege åtferd og kommunikasjon også i barnehagen i høve til barn og vaksne.

Omsorg: barn har rett til omsorg og skal møtast med omsorg.

Respekt: dei vaksne i barnehagen skal møta barna med tillit og respekt, og anerkjenna barndommen sin eigenverdi.

Tydeleg: barna i barnehagen skal møta vaksne som er tydelege og tilgjengelege vaksne som veit og kan barna sin utvikling og barna sine behov.

Ærleg: barna skal møte vaksne som er lyttande og anerkjennande i sin kommunikasjon.

(jf. Rammeplanen)

Verdiane skal nedfellast i kvar barnehage sin årsplan. Barnehagane skal tydeleggjera sine særtrekk og satsingsområde i planen.

KAP. 3 – SATSINGSOMRÅDER

BARN SIN TRIVSEL – VAKSNE SITT ANSVAR

Dei tilsette i Osterøy barnehagane skal

- skapa gode relasjonar mellom barnet og dei vaksne, og mellom barn-barn
- sikra at alle barn vert sett og høyrte
- sikra at alle har ein ven i barnehagen
- arbeida aktivt for å hindra diskriminering/utestenging og mobbing
- visa glede og engasjement i samvær og arbeid med barna.

I Osterøy kommune er det utarbeidd ein felles handlingsplan mot mobbing/utestenging – kvar barnehage må utdjupe korleis dei vil arbeide med denne.

TIDLEG INNSATS

Dei tilsette i Osterøy barnehagane skal

- identifisera og setja i verk tiltak for å fremja barn si utvikling på ulike områder på eit så tidleg tidspunkt som mogeleg
- sikra at personalet har kunnskap om og kan nytta verktøy for å identifisera og avdekka vanskar hjå barnet
- ved overgang frå barnehage til skule sikra naudsynt informasjonsflyt for at barna skal få eit så godt utgangspunkt som mogeleg (jf. plan for overgang mellom barnehage og skule)
- samarbeide med biblioteket for å gje barna tilbod om varierte bøker
- ha særskild fokus på språkutvikling hos barna. Barnehagane har eit særskild ansvar for at minoritetsspråklege barn får naudsynt språkopplæring.

Satsingsområda Barn sin trivsel - vaksne sitt ansvar og Tidleg innsats vert vidareført og arbeidd med gjennom kompetanseløftet Være Sammen. Vi ser på dette som ein god metode for å kunne lukkast i arbeid med satsingsområda våre.

KOMPETANSELØFTET VÆRE SAMMEN

I samarbeid med universitet i Stavanger og stiftinga Være Sammen skal Osterøy barnehagane heve kompetansen til alle tilsette.

Være Sammen har eit tredelt innhald

- Kompetanseheving gjennom teori og praksis
- Materiellpakke for samhandlinga mellom barn og vaksne
- Vekt på foreldre og føresette si rolle

Gjennom arbeidet med Være Sammen programmet får barnehagane arbeid med å utvikle kompetanse i alle ledd i organisasjonen på ein systematisk måte.

Kjerneelementa i Være Sammen er

1. Autoritative vaksne; den autoritative vaksenstilen er eit grunnleggande prinsipp i Være Saman. Vaksenstilen skal utgjere ein viktig del av barnehagen sin pedagogiske plattform og dei tilsette sin felles forståing. Prinsippet går ut på at dei vaksne utøver sitt yrke i ein dynamisk kombinasjon av varm relasjonsbygging til barnet og ein tydeleg vaksenstil når det gjeld å sette krav og grenser.
2. Kommunikasjon og perspektivtaking; gjennom responsen frå andre dannar vi vårt sjølvbilete. Barn speglar seg i våre responsar.
3. Tidleg innsats; lære barn å ta dei rette vala gjennom avlæring og omlæring.
4. Handtering av utfordrande åtferd; hjelpa til med å avlæra reaktiv og proaktiv aggresjon gjennom samspel med miljøet rundt.
5. Organisasjonsutvikling, innovasjon og implementering; frå teori til praksis. Omgjera kunnskapen til ny praksis i barnehagen.

Barnehagane starta arbeidet med prosjektet hausten 2015. Fokus i 2015/2016 har vore opplæring av alle tilsette. Pedagogiske leirarar og styrarar har tatt veiledarutdanning, det øvrige personalet har fått intern opplæring gjennom kurs og arbeid med teori i den enkelte barnehage. Vår 2016 hadde vi felles foreldremøte for alle foreldre, der Pål Roland hadde innlegg om handtering av utfordrande åtferd, dei viktige relasjonane med vekt på varme tydelege vaksne og korleis ein kan førebyggje mobbing.

Prosjektet vert vidareført barnehageåret 2016/2017. Prosjektperioden er to år, men implementering av den autoritaive vaksenstilen vil vera eit satsingsområde fleire år framover.

Overordna prosjektgruppe er sektorleiinga og styrarane i dei private og kommunale barnehagane. Kvar enkelt barnehage har i tillegg oppretta egne prosjektgrupper.

Ekstern rettleiar er dosent Pål Roland ved Læringsmiljøsentret ved UiS.

Meir informasjon finn du på <http://www.vaeresammen.no/> og

<http://laringsmiljosenteret.uis.no/prosjekt-og-program/vaere-sammen/>

KAP. 4 – DANNING GJENNOM OMSORG, LEIK OG LÆRING

4.1 – DANNING

Danning er meir enn utvikling, meir enn læring, meir enn omsorg, meir enn oppseding og meir enn sosialisering. Samstundes er danning alt dette. Barn må få utfordringar, høve til å utvikla kunnskap og dugleik og støtte for å handla omsorgsfullt og gjera etisk grunngeevne val. Gjennom danning legg ein grunnlaget for utviklinga til barna. Danning er ein kontinuerleg og livslang prosess.

Gjennom gode dannelsingsprosessar vert barnet sett i stand til å handtera livet ved at dei utviklar evna til å vera prøvande og nyfikne til omverda og til å sjå seg sjølv som eit verdifullt medlem av eit større fellesskap.

Gjennom oppseding og danning vert verdiar, normer, tankar og uttrykk og handlingsmåter vidareførte, endra og forhandla om.

Danning skal skje i tråd med verdigrunnlaget til barnehagen og leggja grunnlaget for at barn skal delta aktivt i eit demokratisk samfunn.

Arbeid med danning i barnehagen inneber

- at alle barn får erfaringar med å delta i og bidra til fellesskapen
- at alle barn får bekrefta si tilhøyrse til familien og lokalsamfunnet sitt språk og kultur
- at heile personalet reflekterer over kva danning inneber for barn og vaksne, og syter for at praksis og innhald i barnehagen er i tråd med verdigrunnlaget.

4.2 – OMSORG

Kvart barn er unikt og har rett til omsorg, og skal verta møtt med omsorg. Omsorg skal prega alle situasjonar i kvardagen og komma til uttrykk når barn leiker og lærer, i stell, måltid og påkledning. Eit miljø prega av humor, glede og kreativitet styrkjer god omsorg og danning. Omsorg er grunnlaget for å utvikla god sosial kompetanse, vennskap og respekt for andre.

Å gje barna høve til å gje og ta imot omsorg er eit grunnlag for å utvikla sosial kompetanse. Dette er eit viktig bidrag i eit livslangt læringsperspektiv.

Arbeid med omsorg i barnehagen inneber

- at barnet opplever barnehagen som ein stad der vaksne og barn vil dei vel, der dei opplever livslyst og det å høyra til i eit fellesskap
- å leggja til rette for kvardagsaktivitetar som gjev rom og tid for god omsorg
- å styrkja gode omsorgsrelasjonar.

4.3 – LEIK

«*Leken er et fenomen, på linje med språket, håpet, kjærligheten. Et fenomen er noe som får selve livet til å tre frem*» (Torben H. Rasmussen)

Leiken skal ha ein sentral plass i barnet sitt liv i barnehagen. Leiken har mange uttrykksformer og kan føra til forståing og vennskap på tvers av alder, kjønn, språkleg og kulturell ulikskap. Barn lærer og utviklar samansett kompetanse gjennom leiken.

Barn uttrykkjer seg på mange måtar. Barnehagen skal bidra til den gode barndommen ved å gje alle barn høve til leik. Leiken er viktig for barn sin trivsel, og er med på å skapa mening i kvardagen.

Barnet lærer om seg sjølv, eigne reaksjonsmønster, og barn lærer noko om kvarandre.

I leiken kommuniserer barn og utviklar språk! Leiken er ein grunnleggande livs- og læringsform.

Arbeid med leik i barnehagen inneber

- at det fysiske miljø ute og inne er lagt til rette for barn sin leik, og at barn får leika kvar dag i eit trygt og spennande miljø
- at dei vaksne er aktive, støttande og tilstade i leiken
- at leiken har ein sentral plass i kvardagen.

4.4 – LÆRING

Læring skjer i det daglege samspelet med andre menneske og med miljøet, og heng nært saman med leik, danning og omsorg. Læring om seg sjølv, om andre menneske, om samspel og om den fysiske verda omkring, er prosessar som er med på å skapa mening i barnet sitt liv.

I barnehagen legg vi til rette for både formelle og uformelle lærings situasjonar. Den beste forma for læring skjer i samhandling med andre, og gjennom opplevingar og erfaringar som barn får.

Barna sine interesser og spørsmål bør danne grunnlag for læringsprosessar og tema i barnehagen. Personalet sitt samspel med barna må vera prega av ein bevisst haldning til dette.

Arbeid med læring i barnehagen inneber

- at barnehagen sitt læringsmiljø skal vera variert og stimulerande, der dei vaksne er tilstade og gjev støtte og utfordringar
- at barnehagen skal gje utfordringar som er tilpassa barna sitt utviklingsnivå og interesser
- at barna må få oppleve meistring
- at barna får utforske, oppdage, erfare og lære!

KAP. 5 – BARN SIN MEDVERKNAD

«Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltagelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkt skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet» (barnehagelova § 3).

FN sin barnekonvensjon legg vekt på at barn har rett til å seie kva dei meiner om alt som gjeldt dei sjølve, og at meiningane til barn skal telje. Barn har rett til å uttrykkje seg og påverke alle sider av livet i barnehagen.

I den praktiske kvardagen handlar barn sin medverknad først og fremst om dei vaksne sine haldningar til barna. Dei vaksne må skapa gode relasjonar til barna og vise dei respekt som medmenneske.

Dei vaksne skal hjelpe barna til å foreta gode val gjennom dialog prega av

- lytting og opne spørsmål
- stadfesting og positive kommentarar
- oppmoding og støtte.

Kor omfattande medverknaden skal vera avhenger av alder og modning

- kvar enkelt barnehage må gjennom eigen årsplan syna korleis dei vil jobbe med medverknad
- barnehagane skal gjennomføra barnesamtale med alle 5 åringane.



KAP. 6 – FAGOMRÅDA

Rammeplanen deler barnehagens innhald i sju fagområde for å letta planlegging av eit variert og allsidig pedagogisk tilbod. Dei ulike fagområda skal dekkja eit vidt læringsfelt, og fleire fagområde vil og vera representert samtidig i barnehagens daglege aktivitet. Vi tilrettelegg lærestoff, arbeidsmåtar, utstyr og organisering med tanke på barna sine ulike behov, alder, interesser, barnegruppa si samansetnad og øvre føresetnader.

6.1 – KOMMUNIKASJON, SPRÅK OG TEKST

Barnehagealderen er ein avgjerande periode for språkutvikling, og er difor ein svært viktig del av barnehagen sitt innhald. All samhandling er kommunikasjon. Å utvikla språket, både verbalt og non-verbalt er svært viktig. Gjennom språk lærer barn om seg sjølv og eigen identitet og tilhørse. Gjennom språk lærer barn å forstå kva dei er ein del av.

Gode samtalar med barna og det å vera ein god lyttar er viktig for utvikling av barn sitt språk. Kulturoverføring og barn si kulturskaping er og knytt til språk, tekst og kommunikasjon.

Barnehagane i Osterøy skal

- nytta bøker, forteljingar, dikt, rim og reglar, lek med bokstavar, song og songleikar som språkstimulerande aktivitetar. Barnehagane skal ha engasjerte og motiverte vaksne som les for barna
- nytta nynorsk som skriftspråk! Barna skal bli møtt med bøker, song og tekstar på nynorsk.

6.2 – KROPP, RØRSLE OG HELSE

Barn er fysisk aktive og utrykkjer seg gjerne gjennom kroppen. Grunnleggjande motorisk dugleik og god helse vert utvikla i barnehagealder. Gjennom kroppsleg meistring utviklar barn eit positivt sjølvbilete om kropp og helse. Ved sanseinstrykk og rørsle skaffar barn seg erfaring, dugleik og kunnskap på mange område. Godt kosthald og veksling mellom aktivitet og kvile har noko å seia for utvikling av ein sunn kropp.

Barnehagane i Osterøy skal

- organisera kvardagen slik at det er ei gjennomtenkt veksling mellom periodar med ro, aktivitet og måltid. Samstundes skal ein bidra til at barna tileignar seg gode vanar, haldningar og kunnskap om kost, hygiene, aktivitet og kvile
- leggja til rette for faste tur dagar og vektleggja uteaktivitetar
- tilby barna eit kosthald som er i tråd med rettleiar frå helsedirektoratet.

6.3 – KUNST, KULTUR OG KREATIVITET

«For det er du som skal få lufta til å dirre av konsentrasjon no. Det er du som skal kjenne at dei du les for, gir deg eit løft. Du skal få liggje på vinden og vere dobbelt glad fordi du er så heldig å få lese for barn. Nett no er det du!» (Osland 2008).

«Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosialt og kulturelt fellesskap» (Barnehagelova § 2).

Kreative aktivitetar er ein del av barnehagen sin kvardag. Eit mangfald av kulturuttrykk vil gje barn verdfulle opplevingar og lærer dei å uttrykkja seg gjennom kulturelle språk. Barn skaper sin eigen kultur ut frå eigne opplevingar. Barnehagen må gje barna høve til å oppleva kunst og kultur og til sjølv å uttrykkja seg estetisk.

Barnehagane i Osterøy skal

- leggja til rette for at barn dagleg har tilgang på materiale og utstyr for skapande uttrykk
- gje barn opplevingar innan lokale, nasjonale og internasjonale kunst og kulturuttrykk
- gjera seg kjent med lokale tradisjonar og institusjonar
- vera ein brukar av biblioteket, bokbussen og deira tenester.

6.4 – NATUR, MILJØ OG TEKNIKK

Naturen gjev rom for eit mangfald av opplevingar og aktivitetar i alle årstider og i all slags vér. Barnehagen skal bidra til at barn får undra seg, eksperimentera, systematisera og samtale om fenomen i den fysiske verda, og erfara korleis teknikk kan nyttast i leik og i kvardagslivet.

Det er eit mål at barna skal få ei grunnleggjande forståing av kva ei bærekraftig utvikling tyder, og ei forståing av samspelet i naturen og mellom menneske og natur.

Barnehagane i Osterøy skal

- leggja til rette for at barna får kunnskap og erfaringar om dyr og vekstar
- leggja til rette for kunnskap og innsikt i natur, miljøvern og samspelet i naturen
- leggja til rette for kvardagsteknikk, undring og eksperimentering.

6.5 – ETIKK, RELIGION OG FILOSOFI

Barnehagen skal reflektere og respektere det mangfoldet som er representert i barnegruppa. Samtidig skal barnehagen ta med seg verdier frå kristen og humanistisk arv og tradisjon.

Barnehagen skal gje rom for undring og samtalar og møta barn sine spørsmål med respekt.

Etikk, religion og filosofi er med på å forma måtar å oppfatta verdier og haldningar.

Barnehagane i Osterøy skal

- bidra til at barna får tileigna seg samfunnet sine grunnleggjande normer og verdier
- bidra til at barna blir kjent med religion, etikk og filosofi som ein del av kultur og samfunn.

6.6 – NÆRMILJØ OG SAMFUNN

Barnehagen høyrer til i ein samanheng og i eit nærmiljø. Gjennom arbeid med nærmiljø og samfunn skal barnehagen bidra til at barn utviklar tillit til eigen deltaking i og påverknad av fellesskapet.

Barn sin medverknad på det indre liv i barnehagen kan vera det første steg på vegen for å få innsikt i og erfaring med deltaking i eit demokratisk samfunn.

Barnehagane i Osterøy skal

- bidra til at barna blir kjent med og deltek i samfunnet gjennom erfaringar og opplevingar i nærmiljøet
- bidra til at barna utviklar forståing for ulike tradisjonar og levesett.

6.7 – TAL, ROM OG FORM

Leiken er drivkrafta i all læring, også i barn si forståing av matematiske omgrep.

Gjennom leik, eksperimentering og kvardagsaktivitetar utviklar barn sin matematiske kompetanse.

I barnehagane i Osterøy skal

- personalet støtta den matematiske utviklinga hjå barna
- dei vaksne vera bevisst eigen omgrepsbruk om matematiske fenomen
- uteområdet nyttast bevisst i arbeidet med tal, rom og form.

Korleis fagområda vert tilpassa det enkelte barn og i barnegruppa skal synleggjerast i den enkelte barnehage sin årsplan. Her må og progresjon i fagområda synleggjerast.

KAP. 7 – BARNEHAGEN SOM LÆRANDE ORGANISASJON

Barnehagen er ei pedagogisk verksemd der ein skal planleggja, dokumentera og vurdere. God planlegging medfører at barnehagen har drøfta og har kunnskap om kva ein gjer, og kvifor ein gjer det. Systematisk vurderingsarbeid legg grunnlag for barnehagen som lærande organisasjon.

PLANLEGGING

Planverket tek utgangspunkt i målet om at det vi gjer skal vera til barna sitt beste. Dei erfaringane me får gjennom observasjon, refleksjon og vurdering, og den kunnskapen me har om barn si utvikling, dannar grunnlag for planlegging av dagane i barnehagen, tilrettelegging og organisering.

Barnehagen skal

- årleg utarbeida ein årsplan tilpassa barnehagen
- synleggjera barn, personale og foreldre sin medverknad i årsplanen
- seia noko om korleis det vert arbeidd med omsorg, danning, leik og læring i årsplanen
- synleggjera lokale tradisjonar og kulturhendingar i den lokale årsplanen.

DOKUMENTASJON

Barnehagen sin dokumentasjon skal gje foreldre og eigar informasjon om kva barna opplever, lærer og gjer i barnehagen. Den skal nyttast som verktøy for refleksjon og vurdering over det pedagogiske arbeidet som vert gjort og prosessane som skjer. Dokumentasjon er eit viktig hjelpemiddel både for å sjå enkeltbarn og heile gruppa. Den synleggjer det me gjer, og kan vera med å fremja foreldra si deltaking i barnehagen

Barnehagen skal

- synleggjera barn si læring og korleis personalet arbeider med refleksjon
- leggja eit etisk perspektiv til grunn ved dokumentasjon av barn sin leik, læring og det pedagogiske arbeidet.

VURDERING

Barnet og barnegruppa sin trivsel og utvikling skal vurderast og observerast fortløpande. Det vil seia beskrivast, analyserast og fortolkast i samsvar med kriterier og målsetjingar jf. Lov om barnehagar og Rammeplan for barnehagen.

Barnehagen skal

- seia noko om kva som skal vurderast og kvifor ein vurderer
- seia noko om kven som skal delta i vurderingsarbeidet, korleis og når.

KAP. 8 – SAMARBEID

8.1 – BARNEHAGE – HEIM

«Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling» (Barnehagelova § 1).

Samarbeid mellom foreldre/føresette og personalet er ein sjølvstendig del av arbeidet i barnehagen.

God kontakt og gjensidig informasjon er ein viktig føresetnad for å skapa tryggleik for barn og foreldre. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for trivselen og utviklinga til barna.

Dette krev gjensidig openheit, tillit og god kommunikasjon!

Den daglege kontakten når barna kjem i barnehagen og vert henta er den viktigaste kontaktforma. Barnehagane skal gje tilbod om to foreldresamtalar og ha eit til to foreldremøter årleg.

- Barnehagen sin årsplan skal vise korleis den einskilde barnehage arbeider for å fremja foreldresamarbeidet.
- Ta initiativ til felles foreldremøter med ulike tema som speglar satsingsområda, der andre instansar i kommunen deltek.

8.2 – FORELDRERÅD OG SAMARBEIDSUTVAL

Oppnemning og praktisering av foreldreråd og samarbeidsutval er heimla i barnehagelova § 4. Foreldreråd og samarbeidsutval skal sikra samarbeidet mellom heim og barnehage.

Foreldrerådet består av alle foreldre/føresette og skal fremje deira fellesinteresser og bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø.

Samarbeidsutvalet har som oppgåve å vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ og skal bestå av representantar for foreldra og dei tilsette, slik at kvar gruppe er likt representert. Foreldrerådet vel representantar til SU. Barnehagen sin eigar stiller med ein representant, og styrar i barnehagen kallar inn til møter og er skrivar. Eigar skal sørge for at viktige saker vert lagt fram for foreldrerådet og samarbeidsutvalet. Samarbeidsutvalet skal fastsetje barnehagen sin årsplan.

8.3 – BARNEHAGETENESTA I ØSTERØY KOMMUNE

Barnehagetenesta består av sektorleiar og spesialrådgjevar for oppvekst, undervisning og kultur. Tenesta gjev barnehagane rettleiing og har ansvar for at kommunen har eit tilstrekkeleg og godt barnehagetilbod. Dei er pådrivarar og legg til rette for fagleg utvikling i barnehagesektoren, blant anna gjennom jamleg møteverksemd og tilbod om kurs.

8.4 – FAMILIENS HUS OG HELSESTASJONEN

I Osterøy kommune har vi eininga Familiens hus som er eit tverrfagleg kommunalt tilbod som skal ivareta psykisk og fysisk helse hjå barn, unge og familiar. Familiens hus består av tverrfagleg teneste, PPT og barnevern. I tillegg har me helsestasjon, skulehelsetenesta og jordmorteneste.

BARNEVERN

«Hovudoppgåva til barnevernet er å sikre at barn som lever under forhold som kan skade helsa og utviklinga deira, får nødvendig hjelp og omsorg til rett tid. Tilsette i barnehagane har i ein sentral posisjon når det gjeld å kunne observere og ta imot informasjon om omsorgs- og livssituasjonen til barn» (Rammeplan for barnehagar).

Alle tilsette i barnehagane er gjennom lov om barnehage § 22 pålagt opplysningsplikt til barnevern. Om det er grunn til å tru at barn blir utsett for alvorleg omsorgssvikt har tilsette plikt til å melde i frå om dette til barnevernet.

HELSESTASJONEN

Helsestasjonen har som oppgåve å følgja opp foreldre og barn si fysiske og psykiske helse. Barnehagen kan samarbeide med helsestasjonen etter avtale, og i forbindelse med tilrettelegging av tilbodet for barn med særskilte behov. Helsestasjonen kan og vera rådgjevar i forhold til smittevern og legemiddelhandtering.

PPT

«Den pedagogisk-psykologiske tenesta er sakkunnig instans ved tilråding om spesialpedagogisk hjelp» (Rammeplan for barnehagar). PPT skal hjelpe barnehage og skule i arbeidet med å leggja opplæringa betre til rette for barn, unge og vaksne med særskilte behov. Tenesta skal utarbeida sakkunnig vurdering i samband med spesialpedagogisk hjelp i barnehage, og bidra med veiledning og hjelp om barnehagane treng dette.

TVERRFAGLEG TENESTE

Tverrfagleg Teneste (TFT) består av fagleiar, familieveileidar, familieterapeutar, miljøarbeidar og kommunepsykolog. TFT er eit lågterskeltilbod som skal hjelpe familiar, barn og ungdom i Osterøy kommune gjennom til dømes rettleiing, samtalar, terapi og praktisk hjelp i heimen.

8.5 – ANDRE SAMARBEIDSPARTAR

UTDANNINGSINSTITUSJONAR

Barnehagane i Osterøy tek i mot elevar frå Osterøy vidaregåande skule som ønskjer praksisplass/lærlingeplass. Barnehagane har og eit samarbeid med lærarhøgskular.

«Barnehageeigarar har plikt til å stille barnehagen til disposisjon for øvingsopplæring... Barnehagen bør og samarbeide med vidaregåande skular...» (Rammeplan for barnehagar).

BUP

BUP er forkorting av barne- og ungdomspsykiatrisk poliklinikk. Dette er eit tilbod i spesialhelsetenesta for barn og ungdom. Hovudoppgåva er å hjelpe barn og deira familiar i form av utreiing, rådgjeving og tilrettelegging knytt til psykiske vanskar, åtferdsvanskar og lærevanskar. Dei tar hand om problem som ikkje kan løysast i dei kommunale helsetenestane.

GRUNNSKULEN

«Barnehagen skal, i samarbeid med skulen, leggje til rette for overgangen frå barnehage til første klasse og eventuelt skulefritidsordning. Den enkelte kommune må finne gode løysingar på korleis barnehagen og skulen konkret skal samarbeide» (Rammeplan for barnehagar).

PPT har i samarbeid med barnehagetenesta utarbeidd eit hefte om kva tilrettelegging som er nyttig for 5 åringane i barnehagen for å ivareta deira læringsbehov, og for å skape kontinuitet i opplæringa ved overgang til skule.

- Med utgangspunkt i heftet må kvar barnehage utarbeide plan for arbeidet med 5 åringane.

Osterøy kommune har og utarbeidd ein plan for overgang barnehage - skule som skal sikra ein god overgang og ein god start på skuletida for kvar enkelt elev.

ASTRID LINDGREN:

«Jeg skulle ønske dagens barn

Lekte mer enn de gjør

For den som leker som liten

Får en rikdom inni seg

Som man kan øse av hele livet

Man bygger opp en varm, hyggelig

Verden inni seg

En verden som gir styrke om livet blir vanskelig

Et sted man kan ty til i motgang og sorg»